



## Statens vegvesen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:  
19/178230-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
10.09.2019

### Oversender tilråding – Kommuneplanens arealdel – Os kommune

Statens vegvesen viser til kommuneplan for Os kommune som no er ute til offentlig ettersyn. Statens vegvesen har gått gjennom planforslaget og sender med dette ei tilråding til Hordaland fylkeskommune om å ha motsegn til planføremål på bakgrunn av vegforvaltaransvaret. For utfyllande sakutgreiing viser vi til vår uttale til kommeplanen datert 06.09.2019 (vår ref.: 19/178230-2).

Vi viser til handbok V 744 Bruk av innsigelse i arealplanleggingen:

*«Planforslag som berører vegnettet må ikke gjøre det vesentlig vanskeligere eller dyrere å utvikle, drifte og vedlikeholde vegnettet. Nye planforslag må heller ikke hindre realisering av allerede planlagte riks- og fylkesvegprosjekter eller være i strid med overordnede planer eller regjeringsvedtak gjort på bakgrunn av konseptvalgutredninger.*

*Som forvalter av vegnettet skal Statens vegvesen altså bidra til at planforslagene:*

- Er i samsvar med overordnede planer og planlagte riks- og fylkesvegprosjekter.*
- Gir gode vilkår for å utvikle, drifte og vedlikeholde vegnettet.*
- Ikke påfører vegeier urimelige eller uforutsette kostnader.*

*Planforslag som strider med disse hensynene kan gjøre det nødvendig å vurdere innsigelse.»*

Vår tilråding om å fremje motsegn gjeld følgjande planføremål:

Osøyro 359 – næring – næringsareal på Moberg, like ved toplanskrysset til E39. Her viser vi til tidlegare korrespondanse i reguleringsplansak der vi er negative til etablering av utbyggingsareal pga. nærleiken til E39 (vår. ref. 18/109165). Vårt siste brev er datert 21.05.2019. Statens vegvesen rår frå at dette planføremålet blir lagt inn. Vi rår Hordaland fylkeskommune til å fremje motsegn på bakgrunn av omsynet til veganlegget og framtidig behov for areal for utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

3.11.16. Søre Øyane 355 – naust Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ein slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga. Statens vegvesen rår sterkt frå ein slik plassering og ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn mot dette.

3.11.18. Søre Øyane 313 – naust og kai Planområdet er lagt på eit smalt areal mellom fylkesvegen og sjøkanten. Ein slik plassering vil gjere det kostbart å utbetre vegen på denne strekninga. Statens vegvesen rår sterkt frå ein slik plassering og ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn mot dette fordi det vil medføre ekstra kostnader når veganlegget skal utbetrast. Det er ikkje planar om utbetring i dag, men vegen er særst smal og det er behov for utbetring.

4.1.7. Søfteland – ungdomsskule – Planføremålet er lagt tett på eksisterande E39 i eit område der det er trong for å etablere ny gang- og sykkelveg. Plasseringa så nært vegen gir ulemper for ein framtidig skule som følgje av støy, og den vanskeleggjer ei framtidig realisering av gang- og sykkelveg i området. Statens vegvesen rår frå denne lokaliseringa, og ber Hordaland fylkeskommune fremje motsegn til føremålet med denne plasseringa.

Region vest  
Med helsing

Tone Oppedal  
regionvegsjef

Grethe Vikane  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN